



# ÅRSMELDING 2021

Sykkylven sokneråd

## ÅRSMELDING SYKKYLVEN SOKNERÅD 2021

### Koronaåret 2021

Soknerådet vil rose og takke tilsette og frivillige som har utført eit fantastisk arbeid i nok eit utfordrande «Covid år», som også kyrkja har vore i. Spesielt vil vi nevne tilpassing og kreativitet ved bruk av digitale medier og informasjon gjennom media. Hindringar og endringar har gitt nye erfaringar, samt at ein har nytta nye erfaringer frå sist arbeidsår.

### Sykkylven sokneråd har hatt fylgjande medlemmar :

Sokneprest: Simen Elias Nordbrønd Myklebust (permisjon frå 12.07.21 til 23.05.22)  
Vikarprest: Gunnar Torseth 08.09.-03.11. / Erlend Lunde  
Leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal  
Nestleiar/skrivar: Torbjørn Støylen  
Nestleiar 2: Bjørg Djupvik Grebstad  
Medlemar: Monica Breivik Orre,  
Therese Kristin Utgård, Linn Kristin Tårnes,  
Tor Mørkeseth (1.vara møter fast)  
Varamedlemar: 2. Marit Helen Akslen, 3. Astrid Breivik, 4. Therese Brunstad.

Morten Hjellegjerde (opprinneleg 1.vara)  
Trådte ut av rådet grunna flytting utanlands fom juni 2021:

Permisjonar : Monica Breivik Orre (febr.-juni 2021)  
Marit Akslen (sept 21-febr 22)

Leiar, 1. og 2. nestleiar samt sekretær vart gjenvalgt november 2021 for nytt arbeidsår.  
Tilsette som har delteke på einskildmøter :  
Diakon Kristin Kjemphol Lohne, kantor Rose Klock, kyrkjeverge Arild Sporsheim.

Antal soknerådsmøter : 7  
Derav 2 digitale møter 23.03./19.05./  
og 1 fysisk fellesmøte med Ikornnes sokneråd 02.11.  
Antal saker handsama: 32 i tillegg til fellessaker.

### Av saker i Sykkylven sokneråd 2021 kan nemnast:

- Årsmøte/årsmelding
- Konstituering/Val leiar, nestleiar, sekretær
- Gudstenester og gudstenesteordning
- Plan for diakoni – dialog med diakon
- Aksjon : «Saman som kyrkje i heile verda»
- Høyringsutalelsar til kyrkjerådet: Kyrkjeordning
- Korleis vere kyrkje i ein spesiell koronasituasjon?
- Utsetting av konfirmasjonsdatoar 2021
- Sak om møte og stemmeplikt for innvalgte i SR
- Kyrkjeoffer
- Frivillighet
- Prioriteringsutval

### Anna :

Seminar «Frivillighet» digitalt 18.05.2021 med Fretheim frå MF.  
Strategisamling stab og soknerådsleiarar Loen august.  
Stiftsdagar stab Geiranger september.  
Viser til møtereferata på heimesida til Sykkylven kyrkje  
([www.sykkylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda](http://www.sykkylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda)) for meir detaljert informasjon.

## Representasjon

Kirkens Nødhjelp kontakt: Ingen pga digital aksjon

Kirkens SOS representant : Torbjørn Støylen

Representant i misjonsutvalet : May Lisbeth Hovlid Aurdal, Therese K. Utgård

Representant i barne, ungdom- og familieutvalet: Monica Breivik Orre

Representant i diakoniutvalet : (Monica Breivik Orre)

Representant i kyrkjemessestyret : Bjørg Djupvik Grebstad

Representant i utsmykkingsnemndene: Marit Helen Akslen og Simen E. N. Myklebust.

Beredskapsgruppe Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, May Lisbeth Hovlid Aurdal, diakon

**Prioriteringsutval:** Stab,: Arild Sporsheim, Erlend Lunde, Kristin K.Lohne og Rose Stave  
Begge SR: Bergljot Hjortdal, Therese Utgård Aas og Astrid Breivik.

## Staben Endringer, permisjonar og vikariat :

Det har vore store endringar og utskiftingar i staben i 2021.

Sokneprest Simen Elias Nordbrønd Myklebust har vore ute i permisjon store delar av året.

Erlend Lunde har gått over i ny stilling i prostiet, men fungerer framleis som sokneprest fram til ny sokneprest i Ikornnes sokn er tilsett.

Vikarar prest: Einar Leer-Salvesen, 3 veker i august (gudstenester 22.og 29.08.) og Gunnar Torset (08.09.-03.11.)

**Savi Perera** slutta som organist ved utgangen av mars 2021

**Tor Einar Steinsvik** tilsett som organist frå 01.06.2021.

**Katrine Numme** slutta som ungdomsarbeidar ved utgangen av juli 2021,

**Anna Myklebust** slutta som trusopplærar ved utgangen av juli 2021.

**Guro Bjørnevik** vart tilsett som trusopplæringskoordinator frå 01.10.2021, men valde å slutte ved utgangen av november 2021.

Ny utlysing i november/desember gav ikkje resultat.

Ny utlysing er planlagt på nyåret 2022.

Stillinga som sokneprest i Ikornnes sokn har også hatt fleire utlysingar og pr. 31.12.2021 er ingen tilsett. Dette er i Ikornnes sokn, men vakanse i stab påverkar begge sokna.

Endingar i staben har sett sitt preg på arbeidsåret, og nye vikarar er også krevande for resterande stab. Samtidig krev vakanse ekstra innsats frå tilsette og frivillige. Grunna korona har stab hatt heimekontor i periodar.

## Den norske kyrkja har desse måla for arbeidet:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Desse måla let vi klinge med, når vi ser på arbeidet i Sykkylven kyrkjelyd.

## Pandemiåret 2021

Som i 2020 vart også 2021 i sterk grad prega av pandemien og dette gav seg mellom utslag i usikkerheit, frustrasjon, parallelle planar, utsettingar og avlysingar. Den norske kyrkja er ei verksemd med mål om å engasjere, samle og dele, og då er det svært utfordrande når smittefare og smitteverntiltak gjer det nødvendig å avgrense dette. Resultatet kan vere at dei tilsette gir uttrykk for å være ganske slitne. Midt opp i alt dette har likevel tilsette, frivillige og soknerådsmedlemmar fått til ganske mykje i året som har gått.

## Smittevern

Smittevern er viktig og kyrkja skal være ansvarlege i dette og sikre gode og trygge møtestadar i lys av dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar. Med støtte frå bedriftshelsetenesa i Sykkylven vart det difor gjennomført ulike risikovurderingar og drøftingsmøter for å støtte dei ulike forholda i dette. Verneombod, tillitsvald, geistleg representant og rådsrepresentant var med i dette, i tillegg til driftsleiar og kyrkjeverje (overordna HMS-ansvarleg).

Dette var ei vidareføring av det gode arbeidet som vart gjort i 2020, der kriseleiinga i kommunen gav gode skussmål til kyrkja sitt smittevernarbeid.

## Digitale verktøy

Bruk av digitale verktøy har vore gode og nødvendige tiltak for å samle til gudsteneste og gjennomføre møter. I Sykkylven kyrkje er det installert fast monterte videokameraer og rigga opp ein arbeidsstasjon på galleriet for strøyming (videooverføring) av gudstener, konsertar og evt. andre arrangement. Også i år har det vore strøyma ein god del gravferder, primært av Tor Severin Erstad i privat regí.

Tilsette har periodevis vore på heimekontor og dermed hatt stort utbytte av felles serverløyising, Zoom-møter, deling av skjerm via TeamViewer m.m.

## DIAKONI

Året 2021 har vore prega av korona med restriksjonar, nedstengingar og gjenopningar. Dette har og sett sitt preg på det diakonale arbeidet i kyrkjene. Koronaen har gitt ein del begrensingar, men og opna opp for å drive diakoni på nye kreative måtar. Ein del tilbod har blitt sett på vent, medan andre tiltak har blitt gjennomført på nye måtar. Nokre arrangement har ein og avlyst, ofte på kort varsel.

Restriksjonar og avlyste arrangement har kanskje særskilt gått utover eldre og bebuarane på Buas. Dei eldre er ei utsett gruppe med tanke på korona, og det har difor vore viktig å skåne dei for potensiell smittefare.

Til tross for Covid-19 har det likevel med god hjelp fra frivillige blitt gjennomført mange diakonale tiltak og arrangement. Tanken bak dei ulike diakonale tilboda har vore å vise omsorg og spreie glede i ei krevjande tid.

Eit anna viktig moment bak tiltaka er «folkekyrkjetanken». Sykkylven kommune har ca. 7600 innbyggjarar av desse er ca. 6000 innmeldt i kyrkja. Skal vi være ei kyrkje for folket må ein prøve å skape diakonale tilbod med lav terskel, som kan opplevast relevant og aktuell for mange.

## Diakoniutvalget:

Diakoniutvalget blei i 2021 fulltallig. Utvalget består av seks medlemmar. Desse er: Åse Irene Vestre, Ivar Vestre, Per Gunnar Holmberg, Lisbeth Stamgård Aure, Stein Vedvik og Kristin Kjemphol Lohne. Utvalget har vore og er ein viktig støttespelar og ressurs for diakonen og det diakonale arbeidet.

## Diakoniplan

Soknerådet har samtalt om planen saman med diakon, og ulike innspel til planen vert teke med vidare. Planen er levande, og under stadig endring.

## Anna

- Seminar «Frivillighet» digitalt 18.05.2021 med Fretheim frå MF iverksatt av diakon.
- Beredskapsgruppe i samarbeid med diakon oppretta 05.10.21
- Diakon fått eige kontor som tek i vare stillinga sitt behov for konfidensielle samtalar.



## Diakonale tiltak

### Blomsterhelsing til alle over 80 år i Sykkylven kommune.

Koronaen med mange restriksjonar og mangel på møteplassar førte til at det vaks fram eit sterkt ønske om å gjere noko for dei eldre i bygda. Ønsket var å gje ei oppmuntring til dei som i mange år har bana veg og bidratt til at Sykkylven er ei god bygd å bu og leve i. I samarbeid med Odd Fellow, Sykkylven kommune, Holmbergs gartneri, Welle blomster og Facebook gruppa «Frivillig i Sykkylven», fekk ein gitt alle over 80 år i Sykkylven kommune ei blomsterhelsing.

### Andakter i Jettegryta på Buas

I april kunne ein endeleg starte opp med andakter på Buas igjen etter ei tid med nedstenging. Dette var kjekt for både bebuarane og andaktshalderane. Andaktene fant stad i Jettegryta kl. 11.15 annakvar tysdag. Frivillige hadde dei fleste av andaktene våren og hausten 2021. Mange på Buas uttrykker stor glede over andaktane, men oppmøtet er til tider labert. Ei utfordring for 2022 er å prøve å finne ut korleis ein kan legge til rette for at fleire på Buas kan få nytte av dette tilbodet.

### Gudsteneste for Buas og dagsentra i bygda i Sykkylven kyrkje

Med godt smittevern fekk vi invitere Buas og dagsentra til både påske og sommargudsteneste. Det blei to stemningsfulle gudstenester, med mykje flott musikk av mellom anna Rose Iren Stave, Credo Vokal og Per Grønli. Det var veldig kjekt å invitere til gudsteneste i kyrkja, og brukarane som kom gav uttrykk for at det var ei fin oppleving. Buas og dagsentra måtte dessverre avlyse den planlagde julegudstenesta den 15. desember grunna nye restriksjonar i samband med korona.

### Ringe etter begravelse

I mars 2021 starta diakonen opp med tenesta å ringe pårørande ei tid etter gravferda. I samband med dette laga diakonen brosjyren «Livet etterpå» som inneheld informasjon om sorgarbeidet som skjer i kyrkja. Prestane leverar brosjyren til pårørande i samband med sorgsamtalen dei har før begravelsen. Her står det mellom anna at diakonen vil ringe ei tid etter gravferda, slik at dei er forberedt på dette. Diakonen har så langt fått positive tilbakemeldingar på tenesta.

### Pilegrimstur

I juni arrangerte kyrkjene i Sykkylven pilegrimstur til Borgund kyrkje. Turen starta frå Skateflua, vidare gjekk turen opp trappene til Fjellstua over Aksla, og ned til middelaldermuseet. Turen blei avslutta med lystenning i Borgund kyrkje. Det var felles busstransport til og frå Sykkylven kyrkje. Formålet med turen var at det skulle vere eit felleskapsbyggande tilbud etter lang tid med nedstenging. Det var 17 deltakarar med på turen, og tilbakemeldinga var positiv. Vi håpar difor dette kan bli ein tur som ein kan gjennomføre kvart år, gjerne med mange frivillige involverte.

### Fjordcruise

Sykkylven kyrkje arrangerte i august fjordcruise til Hjørundfjorden frå Sykkylven sentrum. Tanken bak tilbodet var at dette skulle vere eit ferietilbod for alle i bygda på tvers av generasjonar, i ei prisklasse dei fleste skulle ha råd til. Ønsket var å prøve og spreie glede og følelse av samhald i ei tid som har vore og framleis er svært utfordrande for mange. Tilbodet var populært, dei 80 plassane som fjordcruiset hadde, blei tekne med ein gong. Turen var vellukka og det er ønske om reprise. Vi vil også arrangere fjordcruise i 2022.

### Gravlys på allehelgensgudsteneste

Den første søndagen i november markerer vi allehelgensdag i Sykkylven kyrkje. Dei som har mista nokon det siste året, er spesielt inviterte. For å prøve å vise ekstra omsorg delte vi ut gravlys med englekort med eit bibelvers til dei frammøtte denne søndagen. Dette vil vi gjere fast kvart år. Vi ønsker vidare å utvikle tilbodet denne dagen med å ha opa kyrkje frå ca. kl.

12.15- til ca. kl. 17.00. Diakonen vil vere til stades og tilgjengeleg for samtale den tida kyrkja skal vere opa. Viktig at ein mobiliserar fleire til å kunne møte menneske som treng å bli sett og lytta til.

### Seminar om sorg

I løpet av livet møter vi alle ei eller anna form for sorg. Det kan vere sjukdom, ulukke, dødsfall eller at livet ikkje blei slik som ein hadde tenkt. Likevel kan det vere vanskeleg å snakke om. Det er lite arbeid retta mot sorg generelt på Sunnmøre. Difor ville vi i kyrkjene i Sykkylven invitere til eit gratis seminar om sorg. Foredragshaldarane var Solveig Kloppen og Odd J. Eidner. Ønsket var å skape ein kveld ein kunne oppleve både relevant og aktuell for mange, også dei som ikkje er «vante kyrkjegjengarar». Vi opplevde å lukkast med dette. Vi håpar at dette kan bli ein årleg tradisjon, der ein ser på temaet sorg på ulike måtar.

### Vegen vidare

Mange av dei diakonale tiltaka som blei gjennomført i 2021 ønsker ein å halde fram med i 2022. Nokon av tiltaka vil bli gjort kontinuerlig, slik som for eksempel å ringe pårørande ei tid etter gravferda, mens andre tiltak vil bli gjennomført på ei bestemt tid av året. Eksempel på dette er pilegrimstur i juni, fjordcruise i august, seminar om sorg i november i samband med Allehelgen og invitere Buas og dagsentra til gudsteneste i kyrkja til jul og påske. Korleis vegen vidare for det diakonale arbeidet blir i 2022, er avhengig av utviklinga av korana.

Dersom koronane tillet det, ønsker ein mellom anna å starte med:

- Fast trefftid på Buas
- Felles påskemåltid etter gudstenesta skjærtorsdag
- Middag etter gudstenesta 3 gonger i semesteret
- Invitere til allsang i kyrkja saman med menneske med funksjonshemming til jul og påske
- Kurs i lefsebaking/ kransekakebaking til jul
- Arrangere gå-gruppe, der vi går ein runde, på ein fast dag og tidspunkt.
- Besøksteneste

### Misjon og misjonsutval

Misjonsutvalet jobbar for at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid, saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon. Stoff frå Thailand og Kirkens Bymisjon vert jamleg lagt inn på heimesida, med oppfordring om fast givarteneste til misjonsprosjekta.

Vi kan bli betre, gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt i gudsteneste og andre samlingar, og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynninga, og det er viktig at alle aldrar vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har fornya misjonsavtale i Thailand med NMS og Kirkens Bymisjon Møre for 4 år. Den norske Israelsmisjon har vi tradisjon for å støtte med forbøn og økonomi.

**Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» 20.06.** Aksjonen set vår eigen misjonsavtale med NMS på dagsorden. Bilder, informasjon, forbøn og innsamling. Oppfordringa frå bispedømet og nasjonalt om å ta del i aksjonen. Gudsteneste med misjonsfokus, og aktivitetssdag i kyrkjeparken rett etter gudstenesta. Misjonsløp, grill, bålpanne, tombola, utlodning. Smitteverntilpassa markering for gudstenesta og kyrkjekaffi ute. Digital spleis aksjonen på alle tilgjengelege digitale flater; skjermar, heimeside, facebook og kunngjeringar gudsteneste. Ein «folkefest» i parken for fire generasjonar. «Dette var kjekt. Kan de få til dette neste år også?» var kommentar som ansporar til liknande arrangement våren 2022.

### Barne-, ungdoms og familieutval (BUF)

Ikornnes og Sykkylven sokneråd har felles barne, ungdoms- og familieutval med leiar Marit E. Lunde. BUF har normalt to møter i halvåret.

BUF-utvalet arbeider normalt tett saman med trusopplærar og ungdomsarbeidar.

Plan for trusopplæring vart arbeidd vidare med av frivillige, for fullføring i 2022.

### Samarbeid mellom utval

Det er viktig å sjå dei ulike utvala sitt arbeid i høve til kvarandre, gi kvarandre innspel og arbeide saman. Misjonsutvalet sitt mandat seier: *«Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne».*

Misjonsutvalet har oppfordra sokneråda til å tenke misjon innanfor dei eksisterande tiltaka, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt. Bispevisitasen gav denne utfordringa:

*«Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret slik den er no. Dette kan jobbast vidare med».*

Leiarar i ulike tiltak: fredagsklubben, søndagsskule, maxigjeng, tweens, konfirmantarbeid, familiemiddag, sang og korarbeid og gudstenester kan gjerne få forslag frå misjonsutvalet og tilbod om besøk, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv.

Sykkylven kyrkjelyd er medlem i NMS gjennom familiemiddag mellom anna. Her er det stoff og besøk å hente inn i trusopplæringa. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet. Aktivitetar kan vere gudsteneste med misjonsfokus, misjonsavtale-markering, middag og misjonsløp etter gudstenesta.

### Avlyste arrangement

Planlagde arrangement måtte avlysast pga Covid 19, som medhjelparfest og kyrkjemesse.

### Kyrkjemessa

Dei tradisjonelle festdagane med kyrkjemesse vart også i år avlyst grunna pandemien, men stor innsats gjorde at kyrkjelotteriet selde lodd for nærare 100.000 kroner. Og med lave utgifter sit vi dermed att med eit nettoresultat på om lag 95.000 kroner til kyrkja sitt arbeid for barn og unge. Stor takk til givarane, kyrkjemessekomiteen, konfirmantane, alle dei andre loddseljarane, og ikkje minst til alle kjøparane som gav si støtte til dette formål.

### Seniordag

31.oktober kunne endeleg begge sokneråda, saman med Sykkylven kommune invitere til seniordag. Koronasituasjonen tillét at vi kunne møtast fysisk, og det var etterlengta.

Eit samarbeid kyrkje/kommune som seniorar i bygda ser ut til å sette pris på. Etter gudsteneste, var vi 92 stk ved fint dekka langbord. Program frå kl 12.30-14.30.

Leia av soknerådsleiar May Lisbeth Hovlid Aurdal der «Seinor» var i fokus med spøk og alvor. Diakon Kristin Kjemphol Lohne song solo, og leda allsong utifrå sanghefte laga for anledninga. Helsing ved ordførar Odd Jostein Drotninghaug og vikarprest Gunnar Torvik.

### Onsdagsmiddag

Tiltaket var populært, men vanskeleg å gjennomføre pga få frivillige. NMS foreninga har avslutta sitt engasjement i 2020.

### Meditasjons og bønnesamlingar

I kapellet kvar torsdag, skjer eit viktig arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg eller nemnt som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjons- og bønearbeidet er med å bere anna arbeid. Guds ord løfter fram bøn og arbeid i bøn som grunnleggande viktig. Samlingane har ein kort liturgi, 20 minutt med stilheit, felles og stille bøn. Det er godt å vere stille i eit fellesskap! Dette er eit ope fellesskap med plass til fleire, kom gjerne innom og prøv! Det varer en god halvtime.

## Husgrupper

Fleire hus- og bønegrupper samlast utanom gudstenestene. Dei kan symbolisere eine vingen av eit fly, der gudstenestene er den andre. Skal Sykkylven kyrkje "fly", er samlingar med andre kristne med bøn og bibel viktig. Husgruppene har høve til å følge same bibel-opplegget som gudtenestene. Vi ynsker at gjestfridom i heimane kan spele ei enda større rolle i måten vi gjer Sykkylven til ein god plass å bu. Grunna strenge smittevernreglar vart nokon av husgruppesamlingane lagt til kyrkjekjellaren.

**Vigsel** 8 stk (same antal som i 2020.)

**Gravferder 2021** 73 gravferder frå Sykkylven kyrkje

## Økonomi

Pr. 31.12.2021 har Sykkylven sokneråd kr. 2 575 860,- i diverse fond. Dette er ei auke med kr. 222 055,-, mens fond saman med Ikornnes sokn hadde ein nedgang på kr. 553 637,-. Bruk av felles fond gjeld i hovudsak løn til trusopplærar/ungdomsarbeidar og diakon. *Ein viktig merknad er at kr. 280 000,- av nedgangen i felles fond gjeld statlege tilskot til diakoni som ikkje vart brukt i 2019 og 2020 på grunn av vakanse i diakonstillinga. Den reelle nedgangen i felles fond kan dermed seiast å være kr. 273 637,-.*

I kollekt i gudstenester vart det kr. 176 530,- i 2021.

Av dette gjekk kr. 93 839,- til eige arbeid og kr. 82 691,- vart sendt vidare til ulike organisasjonar. Via gjevarteneste vart det gitt kr. 218 100,-. Via andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande vart det samla inn kr. 132 714,-.

Detaljert rekneskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjevevja.

## Gudstenester 2021

Det er halde til saman 87 gudstenester i Sykkylven-Ikornnes i 2021. Av desse var 8 av gudstenestene «berre» digitale. 7 gudstenestedagar vart avlyst og 6 gudstenestedagar vart arrangert utandørs. 4 utanfor Sykkylven kyrkje, 1 ved Fjellseter Ungdomssenter og 1 på Hovdeåsen.

**Januar – mars:** prega av Covid-stenging, øvingar og innspelingar til digitale gudstenester.

**April og påsketida:** Streama gudsteneste 1.påskedag, pluss 3 eigne dåpsgudstenester. Skjærtorsdags-, langfredags- og 2.påskedagsgudstenestene blei avlyst pga pandemien.

**Mai:** Fortsatt usikkert, med stadige endringar i reglar grunna pandemien. Men vi gjennomførte mange korte konfirmasjonsgudstenester med få deltakarar.(sjå under)

**Juni:** Gudsteneste med misjonsfokus og arrangementet «Saman som kyrkje i heile verda». Aktivitetsdag med mat, grilling, utlodning, sporløp for fleire generasjonar.

**August:** Planleggingsarbeid, gudstenester, bryllaup, konsertarbeid.

Hausten var prega av mangel på sokneprestar. Erlend Lunde vart sett inn som vikar heile hausten og vinteren.

**September:** Konfirmasjonar over 4 dagar, med 5 stk på det meste på ein dag.

**Oktober:** Hausttakkefestgudsteneste med Lovsongsruppa. Seniordag

**November:** Allehelgensdagsgudsteneste med Velledalskoret. Norea Mediemisjonsgudsteneste med besøk frå Kristiansand.

**Desember:** Felles gudsteneste 05.12. for Sykkylven og Ikornnes, Ikornnes kyrkje  
**1.juledagsgudstenesta** vart enkel og streama, og utan Sykkylven Janitsjarorkester.



## Konfirmasjonsgudstenester

Biskopane anbefalte å utsette konfirmasjonane til hausten 2021.

Det var ikkje krav om utsetting, ingen nasjonale påbod, men kyrkjelydane avgjorde gjennomføringa lokalt.

Stab og sokneråd vedtok å innhente ynskjer frå konfirmantforeldre om vår eller haustkonfirmasjon. Etter ynskje vart det konfirmasjonar både vår og haust; 7 i mai og 10 i september, til saman 17 gudstenester.

September var prega av konfirmasjonar over 4 dagar, med 5 stk på det meste på ein dag.

## Gudstenester trusopplæringa

Julevandringar for alle barnehagane, gruppevis fordelt på 3 dagar v/Anna Myklebust (innleigd) og Rose Stave.

## Barneskule-julegudstenester, og ungdomsskulegudsteneste

Todelt for 10.klassene v/ Erlend Lunde og Rose Stave. Det var vellukka gudsteneste med kreativ formidling. 8.og 9.klassene vart det ikkje plass for, pga restriksjonane.

## Avlyst :

VGS-gudstenestae til jul, gudsteneste julaften på BUAS og i kyrkja vart avlyst. Kyrkja var opa

**Julaften** : ikkje gudsteneste. Kyrkja opa 2 timar for besøk og lystenning.

## Gudstenesteordning og Soknemøte Årsmøte

Alle kyrkjelydar skulle arbeide med «Justert ordning for hovedgudstenestene i soknet».

Soknerådet og soknepresten sitt forslag til «lokal grunnordning for hovedgudstenesta» vart lagt fram for soknemøtet 27.05. til uttale. Tre forskjellige forslag vart lagt fram frå soknerådet ang tekstrekker/preike. Etter soknemøtet godkjende soknerådet ordninga og sende dette til prost/biskop. I tillegg til gudstenesteordning vart økonomi og årsmøtesaker lagt fram.

**Dåp** 36 born vart døypt i Sykkylven kyrkje i 2021. Til samanlikning er tala for 2020 41 born, 2019 48 dåpsbarn, og 37 i 2018. Nokre av desse bur uttabygds. Litt variasjon frå år til år, utan å kunne beskrive nokon markant nedgang. Likevel viktig å ha eit blick på tiltak for at ikkje dåpstala skal gå ned.

16 gudstenester med dåp og derav nokre eigne dåpsgudstenester. Grunna restriksjonar har vi hatt fleire eigne dåpsgudstenester i 2021. Til dømes eiga dåpsgudsteneste etter andre juledagsgudstenesta på Ikornnes, og tre eigne etter gudstenesta første påskedag i Sykkylven kyrkje. Tilbakemeldingane har vore positive på nærheita i eigne dåpsgudstenester.

## TRUSOPPLÆRINGA 0-18 ÅR 2021

Ungdomsarbeidar og trusopplærar sa opp stillingane med siste arbeidsdag 31.07.21.

Sokneråda og staben stilte spørsmålet : Korleis skal vi prioritere vidare for haust -21?

I sak 16/21 «Vegen vidare i trusopplæringsarbeidet» vedtok soknerådet å lyse ut ei 100% stilling trusopplæringskoordinator, og utvide kontorsekretærstillinga 15% - 20% som administrativ støttefunksjon i trusopplæringsarbeidet.

Soknerådet ville vente med dei resterande stillingsprosentane til ein har fått på plass ungdomsarbeidar/ trusopplærar for å kunne ta omsyn til dekking av behov som då står att. Det kan også dukke opp ønske/behov innan andre delar av trusopplæringsarbeidet. Soknerådet ser viktigheita av arbeid tilrettelagt for både gutar og jenter.

For å kunne være med å styrke det frivillige arbeidet, ser ein som ein mulig veg å gå, å kunne lønne engasjement i små prosentlar. Dette også med tanke på rekruttering til kyrkjelege stillingar. Det er stort press på dei få tilsette som er att. Babysang og liknande tiltak kan kanskje drivast av mødrene/fedrene som etterspør dette.

**Babysang** har hatt samlingar heile året. Vårsemesteret på mandagar, leia av trusopplærar Anna Myklebust. Før ho slutta som trusopplærar, fekk ho flytta samlingane til torsdagar. Ho arbeidde, i samarbeid med kantor, mykje med søknad om midlar til ei 20% stilling lagt til torsdagar, som kunne ta arbeidet med Babysang, Jippikoret på Ikornnes og Barne-/ungdomskantori i Sykkylven. Søknaden nådde ikkje fram. Babysang har halde fram på torsdagar heile hausten, leia av frivillige Kristine Vestre Bjørnstad og Karoline Grønningsæter, med kantor som kontaktperson.

### **Søndagsskule**

Vi har ein aktiv søndagsskule driven av frivillige i samarbeid med tilsette, og har fått ny erfaring med digitale løysingar. Det vart ei fysisk samling ute med søndagsskuleavslutning. Søndagsskuletilbod i kyrkjene går gjennom heile året. Ein starta også arbeid med SLUSH-arar, unge minileiarar. Desse har vore på leir og hatt samlingar.

### **Tweens**

Starta med ei samling på slutten av året for å skape møtepunkt for aldersgruppa 4.-7.klasse.

### **Konfirmantarbeid 2021**

Arbeidet har vore drive av Guro Bjørnevik saman med Rose Iren Stave og Erlend Lunde. Ein valgte å gå bort frå ordninga med nettoppgåver; alle vart vanlige konfirmanter. Dei som også hadde valt å være KRIK-konfirmantar kunne sjølv velge om dei ville vere på KRIK. (3 ggr på KRIK = 1 gudsteneste). Det førte til at dei som ikkje opprinnelig var KRIK-konfirmanter kunne stikke innom KRIK. Mange har etterspurt nettoppgåvene, og det er kanskje noko ein bør vurdere, då antal konfirmantar med sosiale utfordringar stig. Prestentasjonsgudsteneste 23.09. gjennomført på Ikornnes kyrkje, og 03.10. i Sykkylven. Konfirmant-weekend blir i mars/april 2022. Konfirmantlauddagar 02.10. og 20.11. Konfirmantane deltok i loddsal for kyrkjemessa.

### **Fredagsklubben**

Å få fredagsklubben på beina var viktig fokus, som krev mykje organisering. Ikkje lett å finne frivillige! For å gjere det meir overkommelig gjekk ein ned til ein gong pr mnd. Bør ein være meir frimodig og sette opp 5. klasseforeldre, som kan bytte seg i mellom om dei ikkje vil/kan? Vi kan sende ut brev på våren.

Alle 5.klassingar i Sykkylven fekk besøk, og fekk høyre kva som går føre seg på Fredagsklubben. Nokre 6. og 7. klassar fekk og besøk. Å reise rundt til skulane er kjekt og viktig. Barna får stille spørsmål, og dei møter eit kjent ansikt når dei kjem på klubben. Annonse i NYSS og plakater på skulane i tillegg gjorde at mange barn tok turen til den første Fredagsklubben på hausten. Heile 208 barn møtte opp! Hektisk, men også veldig kjekt å kunne vere saman igjen. God førebuing og 16 vaksne.

Therese Utgård Aas har ansvar for Fredagsklubben inntil ny trusopplærar vert tilsett. Roy Pettersen har også tatt på seg å ordne det tekniske fram til sommaren. Politiattest må vi ha for alle som skal ha ansvarsstillingar. Oversiktsliste er laga for alt arbeidet som følger med å ha fredagsklubb. Det er ein flott arena å møte barn på. Terskelen for å delta på klubben er lav.

**Barne/ungdomskor** – sjå sang og musikk

**Skulegudstenester / vandringer** – sjå gudstenester

## SONG OG MUSIKK 2021

### Kantor

1.januar 2021 var det 30 år sidan Rose Stave starta i arbeidet som kantor i Sykkylven, med nyttårgudsteneste..

11.mai vart det konsert der ordføraren overrekte kantor Norges Vel medalje i sølv.

I tillegg til alle gudstenester, fysiske og streama, og anna beskrive arbeid under, har kantor teke del.

50årsjubileumshelg i Straumgjerde bedehus.

### Kor, konsertar og arrangement 2021

Februar: Korarbeid kom i gang igjen:

**Barnekoret Super**, med dirigentane Anna Myklebust og Nathalia Leknes.

**BlesSing** med ungdomsdirigentane Emilie Tandstad Harstad og Jakob Lunde, og med Katrine Numme som vaksenleiar.

**Forsongarkor v/kantor** med songarar frå Velledalskoret. Dei tok opptak til digitale gudstenester og Bibeltimar.

**Grappa TRIO**, Kantor spelte i bandet.

**Jippikoret** på Ikornnes.

Barnekora hadde stiftingsmøte 10.februar og vart sjølvstendige einingar, ikkje lenger som del av sokneråda. Dei ulike sanggruppene er frå no delar av dei to kora Sykkylven Barnekor og Ikornnes Barnekor, som begge er med i organisasjonen Ung Kyrkjesong Nidaros-Møre.

Denne organiseringa kjem pga reglane for Frifond-støtte.

Juni:

**BlesSing** heldt sommarkonsert med avslutning for koret, for deira dirigentar og for ungdomsarbeidar Katrine Numme.

**Ung kyrkjesong** 25.-27.juni var Anna Myklebust og kantor, saman med unge korsongarar, på kortur til Selje med regionskoret til Ung kyrkjesong, «Budapestkoret».

«**Orgel-jenter**», undervisningstimar for orgelinteresserte jenter ved kantor. 2 av dei heldt fram utover hausten. (Undervisning i Ikornnes kyrkje etter Jippikorøving)

**Orgelklubben i Møre**, som kantorane Rose Stave og Gunnar Inge Eide driv, fekk ikkje ha fellessamlingar over kommunegrensene i 2021.

«**St.Sunniva Prosjektkor**» for 5.klassingar og oppover, med øvingar fram mot kortreff i Molde 1.-3.okt. Det kom berre 3 jenter på øvingane, so kantor heldt ikkje fram med tilbodet etter september. Likevel fekk nokre frå Sykkylven oppleve å vere med i den store konsertgudstenesta med St.Sunniva-operaen i Molde domkyrkje 3.okt. (sjå bilde, der Jakob Lunde er solist)

### Konsertar jul og julespel

Barnekora hadde julespel på NMS adventssamling i Ikornnes kyrkje.

**Sykkylven Gospelkor** 1.søndag i advent konsert i Sykkylven kyrkje.

Barokk-konsertar for 8.klassene måtte utsetjast til januar 2022.

Julekonsertar 12.desember v/musikkleiar Åge Frøystad og kantor for kor og korps.

Kyrkjetenar var med, og May Lisbeth Hovlid Aurdal tok del.

Pga restriksjonane vart begge konsertane lagt til Sykkylven kyrkje.

**Velledalskoret** sin Julenattine vart avlyst, pga kraftigare innstrammingar like før jul.

## ANNA

**Høyring kyrkjeordning** Dnk er i ein prosess for å arbeide fram ny kyrkjeordning, med mål å sameine dei to arbeidsgivarlinjene i kyrkja, samt ein del andre endringar. Dette er eit materiale som sokneråd og stab har arbeidd mykje med gjennom seminar, samlingar, møter og høyringssvar.

**Presse og sosiale medier** Årsmelding 2020 sa:»Vi vil invitere til frivilligheit og fellesskap, samt bruke sosiale og andre medier aktivt; informasjonsfilm, foto/videogruppe med konfirmantane, samt heimesida og Nyss. Vi kan frimodig dele i media til både informasjon og inspirasjon om kva som skjer i kyrkja. Det er viktig å ha ein bevisst strategi og plan rundt dette for kyrkjelyden i vidare arbeid. Vi vil arbeide vidare med det i 2021.»

Sykkylven sokneråd har hatt fokus på at vi skal presentere arbeidet i kyrkjelyden gjennom auka bruk av sosiale medier og lokal presse. Viktig at både tilsette og frivillige med frimod fortel kva vi har å tilby gjennom kyrkja sitt arbeid.

### Frivilligheit

Frivilligheit har lenge vore eit fokus i kyrkjelyden. Det er ein viktig funksjon uansett, men når talet på tilsette minkar, aukar behovet for frivillige. Fellesmøte Ikornnes/Sykkylven sokneråd og stab 02.11. hadde tema :

Frivillighet /mannskapssituasjonen i kyrkjelydane - innspel vi vil arbeide vidare med:

-Er det interessant nok det vi driv på med? Få møter opp til gudstenestene.

- Respekt for andre si tid.

-Anna dynamikk i prioriteringane no: Før var kirka nr.1, no er barna/barnebarna først.

Fritid kjem ofte langt opp på prioriteringslista.

-Alle treng eit fellesskap og ein stad å høyre til.

«no-situasjonen» i sokna:

-Betalte oppgåver vegen å gå? Fleire inn i arbeidet på den måten? Meir motivasjon slik?

-Spørre fleire rundt oss? Fleire som kan tenke seg å bidra, men ikkje har blitt spurt?

-Paradoks at Den norske kyrkja i utlandet har stor tilstrøyming på sine arrangement og mange frivillige ynskjer å stille på, mens det er mangel på frivillige hos oss.

-Sokneråda er det styrande organet og ikkje komité for arrangement og praktisk arbeid.

Folk som sokner til si kyrkje må sjå ansvar om ein vil at det skal vere ei kyrkje der i framtida.

-Frivilligheit er i stor endring. Vi må ta situasjonen på alvor og tilpasse aktivitet og ressursar.

-Rolleavklaring- kva går du til og kva blir venta av deg? Dette gjeld både dei som blir valt inn i sokneråda og utvala i sokna.

-Tidshorisont på oppgåvene.

-Opprette «prosjektbaserte» dugnader, i staden for livslange. Lettere å få med fleire då?

-Må vere villige til å sjå på oppgåvene vi driv på med om vi skal/må fortsette med dei eller skal vi bruke ressursane på andre område.



## TANKAR FRAMOVER 2022

### Bemanningssituasjonen

Kyrkjelydane våre må sjå på denne perioden framover som ein unntakstilstand. Vi må ikkje brenne ut medarbeidarane våre. Det er mykje ekstraarbeid med vikarer. Prioriteringsutvalet gir anbefalingar om kva som er nødvendig/ikkje nødvendig av oppgåver.

### Gudstenester

Grunna bemanningssituasjonen har sokneråda (Ikornnes og Sykkylven) i samarbeid med Prioriteringsutvalet, gjort felles vedtak om å redusere med til saman 10 gudstenester. Gjeldande frå januar 2022 fram til vår sokneprest er tilbake. I hovudsak ved at det ikkje er planlagt parallelle gudstenester i Sykkylven kyrkje og Ikornnes kyrkje, men ein syklus med ein 1 søndag i Ikornnes kyrkje og dei 2 påfølgande søndagane i Sykkylven, og så bortetter. Vi har tre gudstenesteleiarar som kan ta ansvar for nokre gudstenester. Spesielt framover til sommaren 2022 når soknepresten i Sykkylven kjem tilbake frå permisjon. Det vert ikkje dåp når ein har gudstenesteleiar. Viser til «Plan for gudstenester pga vakansar og permisjon»

### Frivillighetsåret 2022

Bygge vidare på det vi gjer, i samband med frivillige, samt forsterka fokus på frivilligheit. Viser til «Use your talents»-om å utfordre den einskilde i kyrkjelyden til å bruke talenta sine.

### Presse og presentasjon

Vi ynskjer i auka grad å presentere kyrkja og arbeidet vårt i ulike media, både sosiale og i Nyss. Dette for å presentere det vi har å tilby som kyrkje, kome ut til folket med tilboda våre og inkludere flerie i den folkekyrkja vi er.

### Soknrådsval 2024

Sjølvs om det ikkje det er soknrådsval før haust 2024, kan det i frivillighetsåret være klokt å begynne å sette ned ein nominasjonskomite for å førebu. Av tidlegare erfaringar må Nominasjonskomiteen ha god informasjon om kva det inneber å stille til val, kva blir forventa av ein, og kor mykje arbeid ligg det i vervet.

### Utover rapportar, tal og statistikk

Rapportar, tal og statistikk er viktig. Samtidig viktig å halde oppe dei verdiane som ikkje kan målast i statistikk. Verdier som ikkje kan analyserast i effektivitet, tal og skjema. I kyrkja forvaltar vi viktige verdier som ikkje kan målast. Verken omsorg, tru, livsmot eller bærekraft i motgang kan førast opp i skjema. Som kyrkje må vi halde menneskesynet høgt. Det kristne menneskesynet avheng verken av produktivitet eller marknadsverdi.

Vi kan telle kor mange som går på gudsteneste, men ingen statistikk kan registrere om noko får styrka trua og håpet.

Rapportar kan fortelle kor mange samtalar prest og diakon har, men ingen kan måle om livsmotet vert styrka. Forsoning mellom par som søker samtale, er det ingen rubrikk i statistikken for. Vi kan telle antal gravferder og samtalar med pårørande, men ikkje om dei får trøst og styrke til å leve vidare med sorga på ein bærekraftig måte. Kva med samtalan på butikken, eller på fortauet med konfirmantmora, eller noken som nettopp var i gravferd, - skal det registrerast som sjelesorg? Antal barn og konfirmantar registrert er høgt, men vi kan ikkje måle kor mange av dei som gjennom dette arbeidet får styrka sjølvkjensla og får tru på at dei dug til meir enn dei trudde om seg sjølv.

Som kyrkje må vi internt legge endå meir til rette for den unike muligheita kyrkjelege medarbeidarar har til å vere medmenneske, vise omsorg, ha samtalar, sykebesøk, og samver med menneske i kyrkjelyd og nærmiljø. Vi håper kyrkja i samfunnet først og fremst vert oppfatta som bærer av verdier som ikkje kan målast i statistikk, og som forsvarar eit menneskesyn som ikkje avheng av avkastning, tap eller nytteverdi.

## OPPSUMMERING 2021

Soknerådet si oppgåve er å vekke og nære det kristne arbeidet i kyrkjelyden.

Også dette året har vore prega av koronarestriksjoner. Det har likevel vore ein god del aktivitet i kyrkja.

Mange har omstilt seg raskt - nye, kreative tiltak har skapt optimisme. Det er positivt med nye tilbod som til dømes Tweens. Samstundes har avlyste og endra samlingar mint oss på kor verdifult fellsskapet i kyrkja er.

Det at vi har fått ein diakon, har sett gode avtrykk for kyrkja sine brukarar og folk som vanlegvis ikkje oppsøker kyrkja. Godt samarbeid med andre organisasjonar har vore fruktbart, og noko ein bør satse på framover også.

Året har også vore prega av at fleire tilsette har slutta eller vore ute. Soknerådet vil takke dei tilsette som har slutta for innsatsen dei har lagt ned, og vi ønsker dei lukke til vidare! Fellesrådet jobbar aktivt for å få tilsette i ledige stillingar.

Soknerådet vil takke staben og alle frivillige for svært god innsats og pågangsmot nok eit uvanleg arbeidsår.

I Sykkylven kyrkje, i Den norske og verdsvide kyrkje er vi mange som vil lyfte saman. Vi ynskjer å ta med oss erfaringane og idèane frå pandemiåret inn i 2022. Vi håper vi også gjennom det kan vere med å skape **"meir himmel på jorda"** lokalt, nasjonalt og globalt.

For Sykkylven sokneråd  
**May Lisbeth Hovlid Aurdal**  
- Soknerådsleiar -

**Torbjørn Støylen**  
- nestleiar -

**Björg Djupvik Grebstad**  
- 2. nestleiar -